

Jobbnorge-ID: 297589
Søknadsfrist: 06.04.2026
Nettside: <https://www.vikorsta.no/>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

Om Saferoad Vik Ørsta

Saferoad Vik Ørsta er leiande industri- og kunnskapsbedrift med produkt innan marknadsområda Lysmast, Rekkverk, Bergsikring og Marina. Bedrifta er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta på Sunnmøre med ca. 250 tilsette.

Les meir om Vik Ørsta på www.vikorsta.no

Saferoad Vik Ørsta er det største enkeltsselskapet i Saferoad Group. Saferoad Group er med på å legge premissane og utvikle framtida sine infrastrukturløysingar for å auke sikkerheita til trafikantane. Konsernet har 2500 medarbeidarar i 13 land.

Les meir om Saferoad på www.saferoad.com

Saferoad Vik Ørsta skaper trygge samfunn med lokalproduserte sikkerheitsløysingar

Operatør laser

Vil du vere med på å sikre tryggare vegar?

Saferoad Vik Ørsta ser etter ein motivert medarbeidar til vår moderne fabrikk, som vil vere med på det viktige arbeidet med å sikre tryggare vegar i Norge.

Ei lysmast eller eit rekkverk er ikkje berre ei lysmast eller eit rekkverk, men skal bidra til å redde liv i trafikken. Vi treng di hjelp til å nå visjonen om null drepte og hardt skadde i trafikken!

Hovudoppgåver vil vere:

- Produsere etter oppsatt plan
- Kontroll av om ferdig skorne delar er korrekte etter teikning
- Orden og ryddigheit rundt maskin
- Førstelinje vedlikehald

Stillinga inngår i skiftordning.

Vi ser etter deg som:

- har interesse for mekanisk arbeid og laser
- har sans for orden og system
- kan bidra til godt samarbeid i avdelinga og vere fleksibel for å jobbe i andre avdelingar
- har gode haldningar og lyst til å lære

Kjennskap til, eller fagbrev i CNC-styrte maskiner er ein fordel, men dette er ikkje eit krav. Vi gir nødvendig opplæring og kursing og du vil få muligheit til å ta fagbrev.

Slik søker du:

Send søknad, CV og vedlegg via lenka på denne sida.
Har du spørsmål om opplasting av dokument? Kontakt Jobbnorge på tlf. 75 54 22 20.

Spørsmål om denne spennande stillinga? Kontakt oss:

Arbeidsleiar Jan Petter Egset, tlf. 900 31 914

Flytte til Ørsta?

Vil du ha kort veg til jobb, barnehage og SFO? Då er Ørsta staden for deg og familien din. Her finn du vakker natur og gode jobbmoglegheiter. Ørsta ligg sentralt til på Sunnmøre, med tilgang til både kyst- og fjellområde for gode naturopplevingar. Her kan du nyte skiturar om vinteren og båtliv om sommaren.

I tillegg er regionen kjend for sitt sterke næringsliv, med moglegheit for personleg og profesjonell utvikling. Med lokal flyplass er vegen kort til resten av verda.

Ørsta og Sunnmøre er ein flott stad å bu og arbeide, så kvifor ikkje flytte hit og starte eit nytt eventyr med familien din?

Stolte av produkta våre spør du?

- Eg er litt stolt av at vi lagar dette her. Og det trur eg borna mine også er.

Gode Kjell! Og Katrin. Og Egil Johan. Og Leifen. Og alle andre fine folk i Saferoad Vik Ørsta!

Snart 80 år med norsk industrihistorie frå to små bygder på Vestlandet. Klart det er lov å vere stolt. Vi går for 80 år til. Minst!

Video: Nanseth Media

Video: <https://youtu.be/TbWMxh1wli4?si=sjCZSNQhfxZTVaea>

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Jan Petter Egset, Arbeidsleiar

Telefon: +4790031914 | E-post: jan.petter.egset@saferoad.com

Arbeidsstad:

Torvmyrane 15 6160 Hovdebygda (Ørsta Kommune)